



Gjermund Fredheim og Harald Kvasnes har opptredd fleire ganger i Uskedalen, og imponert kvar gang!(Foto: Ola Matti Mathisen)

**14.februar startar Kvinnherad kulturfestival, og det vert festival 4 dagar til ende med eit fyldig program med imponerende breidde. Programnemnda har lagt vekt på å bruka lokale aktørarar, men det har slett ikkje sett ein dempar på kvaliteten på dei ulike postane!  
Kulturfestivalen vart arrangert for første gang i 2003, og den kan såleis feira 10-årsjubileum i år. Fleire uskedelingar kjem til å vera med å setja sitt preg på jubileumsprogrammet.**

Som leiar i Festivalkomitèen, har Kristian O. Bringedal alt lagt ned eit stort førebuingararbeid, og han vil og vera sentral under gjennomføringa av festivaldagane. Men det er og fleire uskedelingar som har kunstnarlege programbidrag.

Den eminente gitaristen Gjermund Fredheim vert å høyre i to ulike settingar. Det vert spennande! Først møter vi han i programmet 'Popsongar møter klassiske gitaristar i Festsalen i Kulturhuset, Husnes fredag kveld. Då opptre han saman med Robert Post og Harald Kvasnes. Sistnemnde har eg høyrte han i imponerende samspel med ved fleire høve tidlegare, medan samarbeidet med Post vert nytt og spennande for meg.

Søndag får vi heilt sikkert oppleve ei anna side ved den allsidige og spennande gitaristen i programmet 'Barokkgitar og fløyter' på Undarheim Gard. Då spelar han saman med fløytisten Anette Bjørnenak.



Lyrikaren Mona Vetrhus har hausta mange lovord etter at debutboka hennar kom ut.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Lyrikaren Mona Vetrhus har vore mykje i vinden etter den svært vellukka debutboka. Lovorda har hagla. Dermed var det mest sjølvstøtt at ho måtte vera på programmet. Under Bokbad på Bergslagen på Sunde kan vi møta henne i samtale med ein annan lokal forfattar, Anne Karin Fonneland. Av andre deltakarar der er velkjende Jon Michelet og Stord-forfattaren Atle Hansen. Mona bidrar og gjennom forfatterbesøk i barnskulen.

Jazzkveldar har vore eit fast innslag under kulturfestivalane. Med dei dyktige musikanane i Jazzverket burde det vera garanti for topp stemning når dei spelar opp på restauranten Himmelsk fredag. Det bør bli ein perfekt avslutning på kvelden med variert jazz på høgt nivå. Vegard Døssland på trompet/flûgelhorn er uskedalsinnslaget her, og med seg på blås har han denne gangen den dyktige saksofonisten Oda Hveem frå Halsnøy, som no er busett i Oslo. Elles har Jazzverket sin imponerende vokalist Ananda Gopi Storegjerde som vanleg med seg ein solid tropp dyktige og garva jazzmusikarar i Stein Haugen(bass), Torkjell Nerhus(slagverk) og Bjarne Øymyr og Ivar Baste(begge på tangentar).

Elles finn de komplett program for festivalen ved å klikke på linknen: <http://www.kvinnherad.kommune.no/kvinnherad-kulturfestival-2013.5154387-98991.html>

Som de ser er det og mykje spennande i tillegg til det som alt er nemnt.

Av: Thor Inge Døssland



Jazzverket, lokal gruppe, som presenterer jazz på imponerende høgt nivå.